



Sweco Norge AS Divisjon Vest
Storetveitvn. 98
5072 BERGEN

MOTTATT 17 APR. 2013

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:
201302439-6/714/HELLIEN

Bergen, 11. april 2013

Fråsegn og varsel og synfaring - oppstart av reguleringsplan for Kubbaleitet, gnr 137, bnr 38 m.fl. - Lindås kommune

Vi viser til brev om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Kubbaleitet. Hovudføremålet med reguleringen er bustad, naust, kai, badeplass og grøntområde. Føremålet er i hovedsak i samsvar med kommunedelplan for Knarvik-Alversund. Kommunen har vurdert at planen ikke utløyser krav om konsekvensutgreiing. Vi orsakar at fråsegna vert sendt frå oss ein dag etter høringsfristen 10.april, men vonar innspela kan takast inn i saka likevel.

Innspel og merknader

I denne fråsegna gir vi innspel og merknader til reguleringsarbeidet i hovedsak ut i frå fylkeskommunens ansvarsområde og interesser knytt til regionale planar.

Strandsone – friluftsliv, estetikk og landskap

Det er eit regionalt areal- og miljømål at Hordaland skal verna om biologisk mangfald og verdifulle areal- og naturressursar på land og i sjø, som strandsona, friluftsområde med regional verdi, større inngrepsfrie område og kulturmiljø. Strandsona skal haldast open tilgjengeleg for allmenta.

Fylkeskommunen ber om at det i planarbeidet vert lagt vekt på at byggjegrense føljer funksjonell strandsone i området og at utbygging ikkje hindrar ferdsel for allmenta ut mot / langs sjøkanten. Buffersona mellom privat område for bustad og sjøkanten bør vere brei nok til at strandsona ikkje vert oppfatta som privat grunn. Om strandsona har badeplassar eller andre kvalitetar knytt til friluftslivsaktivitet bør desse omtalast og bevarast.

Kystlandskapet er sårbart for inngrep og nye tiltak får ofte høg grad av fjernverknad. For å sikra heilskap og samanheng i våre fysiske omgjevnader bør bygningar, uterom og landskap bli sett i ein arkitektonisk og estetisk samanheng. Tema som legg viktige premiss for utforming i føresegne er: gesimshøgde, byggjehøgde, takform, kvalitet i materialar og terrengetilpassing. Bevaring av delar av eksisterande vegetasjon og delar av eksisterande terrenghverfmasjonar er positive tiltak for bevaring av landskapsbiletet og kan sikrast gjennom føresegns.

Barn- og unges interesser

Ved utbygging av større bustadfelt bør trygge og attraktive gangliner mot skule / mot gangvegnett til skule vere eit tema i planarbeidet.

Klima og energi

Nye byggjeprosjekt gir høve til gode og framtidsretta løysingar for energisparing og bruk av fomybar energi. Hordaland fylkeskommune vil vise til Klimaplan for Hordaland 2010-2020 kor ei av

målsetjingane er at bygningsmassen i Hordaland skal redusere energibruken med 20% innan 2020 (pkt. 7.7). Strategi pkt. 7.7.A.3 går ut på at minst 60% av varmebehovet i nye bygg skal dekkast av anna enn direkte verkande elektrisitet eller fossile brensel.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Seksjon for kulturminnevern og museum vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelsplan for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjeraast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Planar som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne kan returnerast for utfyllande dokumentasjon. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men og steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at planen kjem i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne, men delar av området har potensial for funn av slike. Etter ei vurdering av planområdet finn vi det nødvendig med ein synfaring før vi kan gje fråsegn til planen for å vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

Meir informasjon om kvart plantema kan ein finne på www.hordaland.no/plan/startpakke. Der kan ein også finne ressursar knytt til plantema, arealpolitiske retningsliner og anna rettleatingsmateriell.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på friluftsliv, landskap, barn og unge, energibruk og kulturminne.

Etter ei vurdering av planområdet finn vi det nødvendig med ein synfaring før vi kan gje fråsegn til planen for å vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

Det er viktig for Hordaland fylkeskommune at planarbeidet følgjer opp regionale interesser. Vi deltek elles gjerne i samarbeid om planlegginga.



Marit Rødseth
plansjef



Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Sakshandsamarar:

Helene J. Lien, Regionalavdelinga, Planseksjonen
Øystein Skår, Kultur- og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Statens Vegvesen, Region Vest
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø